



Referat frå møte i SU og SMU

Torsdag 1. juni 2023 kl. 19.00

Sakliste SU:

1. Økonomi til neste år

Skulen får til neste år 312 elevar totalt. Fire nye klassar på 8. trinn. Rektor gjekk gjennom lærarårsverka og informerte om korleis desse blir brukte. Skulen har også i år veldig stor andel elevar med spesialundervisning i forhold til ressursen som blir tildelt til dette. Det er vanskeleg å få det til å gå opp med ressursen når ein skal fylla lovkrava på § 5-1.

Dette fører også til at skulen får mindre handlingsrom til å ta seg av elevar for å forebyggja. Ein ser at større andel vedtak omhandlar ulike psykiske vanskar. Dette kunne nok skulen har gjort noko med dersom ressursane var større og ein klarte å koma inn tidleg nok.

Skulen ønsker å prioritera læreverk i naturfag til neste år. Det er framleis ikkje nok ressursar til å få læreverk i alle fag.

2. Høyring av Strategiplan Oppvekst 2023-2029

SU ved Bryne ungdomsskule meiner utkastet til strategiplanen er veldig bra. Det er godt som ein overordna plan og det har samtidig gode og målbare mål.

3. Eventuelt

Sakliste SMU:

1. Arbeid med inkludering

Bryne u jobbar kontinuerleg med inkludering og eksempel på dette er: ekstra innsats på å bygga klassemiljø i alle klassar kvar haust, klassekontaktar arrangerer to elevkveldar i året for klassen, elevrådet lagar til vinterball, lærarane har fokus på samarbeidslæring og aktivitetar som fremjar inkludering, klassane har klassemøter annankvar veke osv, osv

2. Resultat og arbeid vidare med Olweusundersøkinga 2023

Mobbeprosenten for 2023 var den same som i fjor, 4,1 %. Dvs at 4,1% av elevane opplever å bli mobba eller trakasserte ein til og gonger i månaden eller meir. Dette er lågare enn landssnittet og omkringliggende kommunar.

Det er verbal mobbing med fokus på utsjånad og kallenavn som er den dominerande forma for mobbing. Mobbinga skjer i overgangar mellom timar og friminutt og i friminutta.

Fleire elevar oppgir at dei ikkje har fortalt om mobbinga til nokon.

Me gjekk gjennom presentasjonen som elevane i elevrådet har i alle klassane. Her skal klassane jobba med resultata og koma med tiltak til kva som kan gjerast for at alle skal ha det trygt og godt og bli inkluderte.

3. Eventuelt

Rektor gjekk gjennom HMS tilsyn som skulen hadde for kort tid sidan. Skulen fekk ikkje avvik på internkontrollsystemet.

Elsa D Jerstad, ref